



© Paul Gavey
MarineTraffic.com

[Stemningsfullt foto av båten som no heiter Island Sky](#)

Hans Reidar Kjærland - no driftig bonde i Uskedalen - er ein av fleire uskedelingar som har hatt toppjobb på det internasjonale plan og gjort ein imponerende innsats. Då han var marknadssjef for Harding i 12 år frå 1987 forhandla han mellom anna fram kontraktane og inngjekk avtale for sal av livbåtar for 8 cruceskip til serien Renaissance Cruice.

Skip nummer 8 - no Island Sky - gjekk tidlegare denne veka gjennom Storsundet, Den hadde framleis dei livbåtar på plass som uskedelingen selde i førre hundreåret. Biletet som uskedalen.no hadde av båten her om dagen bekreftar at det norske produktet har heldt stand og Hans Reidar er imponert over at det ikkje har vore naudsynt å skifta ut båtane.

- Det var kjekt å sjå at produktet til Harding er godt nok også i dag, seier uskedelingen som forhandla fleire kontraktar for over 100 millionar. Det vart montert 4 båtar på kvar av Renaissance-skipa som er relativt små med ein tonnasje på 4200 og plass til 100 passasjerar.



MINNENE STRØYMER PÅ OM POSITIVE ÅR I EIN EKSPANSIV BRANSJE

Renessanse vart starta i 1989 av det kjende og anerkjende rederiet Fearnley og Eger og produksjonen av båtane pågjekk frå 1992 og framover. Dei hadde ein høg standard og turane var ikkje billige. Men kontraktssummen som Kjærland skreiv under på var ikkje større enn 20 millionar. Avtala omfatta ikkje davitar. Båtane vart som mange andre luksuriøse skip laga på to verft i Viareggio-området i Italia.



[Island Sky i Storsund denne veka](#)

I 1998 og åra etter vart Renaissance seld og så vart det bygd 8 nye og større skip med dei samme namna. Men det dramatiske som skjedde 11.september 2001 slo på mange måtar botnen ut av marknaden på dette området og konkurs vart resultatet. Folk vart skremde og ville ikkje lenger dra på cruise i samme omfang som før. Hans Reidar har imidlertid all grunn til å tenke med glede tilbake på sine 17 år i Harding. Verksemda var oppe i 50 prosent av omsetnaden knytt til cruise og hadde eit godt namn, I 1992 vart Harding kåra til den nestmest lønsame eksportbedrift på land i Noreg. Berre Hafslund Nycomed låg foran.

Uskedelingen er tydeleg stolt over å ha vore med i oppbygginga av ei verksemd av ein slik standard og kvalitet. Mange kjende farty har fått livbåtar frå Harding, og lista vert toppa av SS Norway.

- Då du var på farten verda rundt hadde du vel ikkje tanke på å verta bonde i Uskedalen?
- Å, eg hadde det nok i bakhovudet!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen, Hans Ordin Østebø og privat